

Slik brukar du feltet saka er drøfta/klarert med:

Dokumentasjon for fullført sakshandsaming skal først på elektronisk av ansvarleg sakshandsamar. Før på forkortinga for inst./avd./seksjon/sakshandsamar. Ansvarleg sakshandsamar signerer deretter for at saks-handlingane er utført. Saka skal deretter leggast til fylkesdirektøren for godkjenning. Før saka vert levert fylkes-rådmannen skal den vere signert (godkjent) av den fylkesdirektøren som har saksførebuingansvaret. Hovud-utvalssaker som skal vidare til FU/FT skal vere godkjent og signert av fylkesrådmannen før utsending til hovudutvalsbehandling.

Elles bør feltet også nyttast når saka skal avsluttast i hovudutvalet, for å syne event. sakshandlingar/drøftingar med institusjonar/ andre avdelingar.

Saka er drøfta og klarert med:

Aktuell institusjon		FRM - forvaltning	
Annan avdeling		FRM- Personal	
FRM - økonomi		- Bygge- og eigedomsseksjonen	
Juridisk funksjon		- Innkjøpstenesta	
Andre		- IKT drifts- og utviklingstenesta	

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:

Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: 13

**Konsolidering av musea i Sogn og Fjordane - etablering av stiftinga
Musea i Sogn og Fjordane, godkjenning av vedtekter og avtaler, og val av
fylkeskommunale medlemmer til styre og råd.**

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkestinget godkjenner ein museumsmodell for Sogn og Fjordane med eitt konsolidert museum.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune teiknar seg som stiftar i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med ein stiftingskapital på kr 60 000. Budsjettdekning teneste 5007 museum.
- 3 Fylkestinget sluttar seg til at vedtekter for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vedtekne i samsvar med vedlegg 1.
- 4 Fylkestinget har ikkje merknader til avtale mellom stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og dei noverande museumsstyra slik det går fram av vedlegg 2.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å møte på stiftingsmøte, og til å skrive under stiftingsprotokollen.
- 6 Som leiar for styret i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
Som vara vert vald:

Som medlem i styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:
Som vara vert vald

.....vert vald for to år.vert vald for fire år.

Som medlem i rådet for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
Som vara til rådet vert vald:.....

- 7 Valretten vert heretter delegert til hovudutval for kultur.
- 8 Fylkeskommunen vil prioritere sin innsats på museumsfeltet framover til å bidra til å utvikle det konsoliderte museet fagleg, økonomisk og organisatorisk.
- 9 Ved omdanning av dagens museumsstyre til eigarstyre, vil fylkeskommunen i prinsippet ikkje oppnemne medlemmer til desse styra.
- 10 Fylkeskommunen vil gå ut av styra til museum som står utanfor det konsoliderte museet så snart dette er praktisk mogleg.

Prenta vedlegg:

- 1 Skipingsdokument/vedtekter for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- 2 Avtale mellom noverande museumsstyre og styret for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Uprenta vedlegg:

- 1 Referat frå drøftingsmøte med tilsette sine organisasjonar 05.11.08
- 2 Vedtak i styret for De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum 29.10.08
- 3 Vedtak i styret for Sunnfjord Museum 01.11.08
- 4 Vedtak i Styret for Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- 5 Vedtak i styret for Sogn og Fjordane Kunstmuseum 05.11.08
- 6 Vedtak i styret for Nordfjord Folkemuseum 13.10.08
- 7 St.prop.nr.1 (2008-2009)
- 8 HK-sak 45/08, 24.09.08
- 9 Referat frå møte 09.09.08 mellom representantar for Nordfjord Folkemuseum, Nordfjord Sogelag, Gloppen kommune, Nordfjordsrådet og Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 10 HK-sak 41/08, 20.08.08
- 11 Prosjektrapport av 14.07.08
- 12 Drøftingsnotat til HK, 18.06.08.
- 13 HK-sak 08/08, 12.02.08

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Konsolidering av musea har si forankring i den nasjonale museumsreforma, og Fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2008.

Ei prosjektgruppe med deltaking frå alle musea har jobba med saka. Hovudutval for kultur har vore politisk styringsgruppe.

Styra for Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sunnfjord Museum, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Sogn og Fjordane Kunstmuseum har sagt ja til konsolidering. Det vert etablert eit konsolidert museum med eitt styre og ein direktør der dagens museum vert avdelingar i det konsoliderte museet som får namnet "Musea i Sogn og Fjordane".

Nordfjord Folkemuseum deltek ikkje i konsolideringa no.

"Musea i Sogn og Fjordane" vert etablert som ei stifting. Stiftarar er dei fire musea og fylkeskommunen. Det vert etablert eit styre på 7 medlemmer der fylkeskommunen oppnemner styreleiar og eitt styremedlem (med varamedlemmer). Det vert også etablert eit råd der fylkeskommunen oppnemner eitt medlem.

Stiftinga "Musea i Sogn og Fjordane" tek over drifta av dei musa som deltek i konsolideringa. Det betyr at dei også tek over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Det vert inngått avtaler mellom dagens museumsstyre og det konsoliderte museet.

Eigarskapen til musea (bygningar og gjenstandsmasse) vert liggande lokalt, og forvalta av eit eigarstyre.

Ved etableringa av "Musea i Sogn og Fjordane" vert det lagt eit nytt museumslandskap for fylket. Fylkeskommunen vil prioritere sin innsats på museumsfeltet framover til å bidra til å utvikle det konsoliderte museet fagleg, økonomisk og organisatorisk.

Fylkeskommunen vil i prinsippet ikkje nemne opp medlemmer til dei framtidige eigarstyra, og går også ut av styra til museum som står utanfor det konsoliderte museet.

2. BAKGRUNN

2.1 Nasjonal og regional forankring:

Museumsreforma (konsolidering) har sin bakgrunn i St.meld.nr. 22 (1999 – 2000) Kjelde til kunnskap og oppleving (ABM-meldinga). Dette er gjentatt og forsterka i St.meld.nr. 48 (2003-2004) Kulturpolitikk fram mot 2014 (kulturmeldinga). Også dei årlege budsjettproposisjonane for Kultur- og kyrkjedepartementet har hatt konsolidering som sin uttalte politikk.

I St. prp.nr. 1 (2007-2008) vert det sagt at 2009 er siste året med friske midlar til nye konsoliderte museum, og det vert m.a. sagt *"Det er fortsatt konsolideringsprosesser som bør igangsettes og videreføres i flere av landets fylker. Denne delen av museumsreformen bør i størst mulig grad være gjennomført i løpet av 2008."*

I høringsdokumentet, "Kva for kulturpolitikk treng Sogn og Fjordane – og kvifor?" frå 2007, er det vurdert ytterlegare konsolidering av musea i Sogn og Fjordane.

Fylkestinget sa i budsjett for 2008 at fylkeskommunen tek initiativ til å greie ut etablering av eit museum i Sogn og Fjordane der dagens einingar går inn som museumsavdelingar, eller liknande.

Konsolideringa har som målsetjing å gje auka økonomisk handlefridom, betre faglig kvalitet og betre tenester til publikum.

2.2 Prosessen i Sogn og Fjordane:

Etter at fylkestinget sitt budsjett var klart, har prosessen i Sogn og Fjordane vore gjennomført slik:

- Drøfta med museumsdirektørane (jan/febr 2008)
- Hovudutvalsvedtak i februar 2008 om igongsetjing av prosess. Hovudutval for kultur som politisk styringsgruppe og etablering av ei prosjektgruppe
- Informasjons-/drøftingsmøte (april 2008) for tilsette, styre og kommunane
- Prosjektgruppe (1 vald av tilsette, 1 vald av styret + fylkesdirektøren)
- Rapport juli til styringsgruppa (hovudutval for kultur)
- Handsaming i styringsgruppa (hovudutval for kultur) i august
- Musea hadde møte med dei tilsette om saka i august
- Handsaming i alle museumsstyra i august om konsolidering
- 4 av 5 museumsstyre sa ja (eitt styre sa nei)
- Informasjons-/drøftingsmøte (2.9.08) for tilsette, styra og kommunane
- Hovudutval for kultur ga utvida frist til 01.11.08 til dei som sa nei
- Prosjektgruppa utarbeidde forslag til vedtekter/avtale i oktober
- Vedtekter/avtale handsama i museumsstyra i oktober/november
- Drøftingsmøte med dei tilsette sine organisasjonar 05.11.08

2.3 Arbeidet i prosjektgruppa / handsaming i styringsgruppa:

Prosjektgruppa vart etablert i april. Representantar for Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket deltok i første fase i arbeidet. Intensjonane om også å greie ut koplingane mellom eit konsolidert museum og Fylkesarkiv og Fylkesbibliotek ikkje var mogleg å få prioritert i denne fasen av arbeidet. Dette arbeidet vil bli teke oppatt seinare.

Prosjektgruppa gjennomførte tre møter og la fram ein rapport sommaren 2008. Rapporten vart handsama av hovudutval for kultur i august. Hovudutvalet slutta seg til dei vurderingane som var gjort i prosjektgruppa, og oppmoda museumsstyra innan 01.09.08 om å gjere vedtak om konsolidering i tråd med det som låg i rapporten.

Prosjektgruppa rådde til at det vert gjennomført ei konsolidering av Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Sogn og Fjordane Kunstmuseum ut frå følgjande prinsipp:

- Det vert etablert eitt museum i Sogn og Fjordane med eitt styre, eitt budsjett og ei leing.
- Det vert utgreidd nærare kva organisasjonsform det nye museet skal ha (stifting eller AS)
- Dei eksisterande musea vert avdelingar i det nye museet med eigne avdelingsrekneskap og –budsjett.

- Stillings- og driftsnivå skal oppretthaldast på minst same nivå som ved avtalestart. Konsolideringa skal sikre auka økonomi, betre fagleg kvalitet og betre tenester til publikum.
- Statlege og fylkeskommunale driftstilskot vert overført det konsoliderte museet.
- Kommunale driftstilskot vert overført det konsoliderte museet, men som øyremerka midlar til den avdelinga som svarar til det museet den einskilde kommune no yter tilskot til.
- Dei tilsette sine rettar og pliktar skal vere sikra i høve lov, avtaleverk og gjeldande særavtaler.
- Dagens eigarskap til eigedom og samlingar vert vidareført. Det vert utarbeidd driftsavtaler mellom det konsoliderte museet og eigarane.
- Den nye leiarfunksjonen, skal lokalisert til ei av dei fem noverande einingane.
- Fellesfunksjonar kan verte lokalisert/delt mellom dei avdelingane ein har i dag.

2.4 Musea sine vedtak / synspunkt i høve konsolidering:

Styra for De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Kunstmuseum fatta vedtak i tråd med tilrådingane. Frå kunstmuseet si side vart det peika på deira rolle også i høve samtidskunsten og ansvaret i høve kunstnarstyrt formidling, medan styret for Sunnfjord Museum peika på ei forventning om at alle skulle gå inn på like vilkår.

Styret for Nordfjord Folkemuseum sa seg positive til å følge konsolideringsprosessen vidare, men tok ikkje stilling til prinsippet om konsolidering. Dei peika også på at dette er noko dei måtte avklare med sine eigarar som er Nordfjord Sogelag. Hovudutvalet drøfta saka i sitt møte i september, og ga då utvida frist til 01.11.08 til Nordfjord Folkemuseum/Nordfjord Sogelag for å vurdere saka på nytt. Ved ny handsaming i dei aktuelle styra i oktober vart det på nytt nei til konsolidering no.

2.5 Ny museumsorganisasjon:

Etter informasjons- og drøftingsmøte 02.09.08 arbeidde prosjektgruppa vidare med organisasjonsform for det nye museet, og forslag til stiftingsdokument, vedtekter og avtaler mellom dagens museumsstyre og det nye museet som vil vere ein driftsorganisasjon. Modellen som er vald, har følgjande verknader:

- Det vert etablert ein driftsorganisasjon (stifting) som tek over ansvaret for drifta av musea som er med i konsolideringa.
- Det skal vere eitt styre og ein direktør
- Direktørstillinga vert lokalisert til ei av noverande einingar
- Fellesfunksjonar kan verte lokalisert/delt mellom noverande einingar
- Dagens museum vert avdelingar i det nye organisasjonen med ein avdelingsleiar (med i leiargruppa i det konsoliderte museet). Det vert laga egne avdelingsbudsjett/-rekneskap
- Det vert laga avtale mellom dagens museumsstyre og den nye organisasjonen som regulerer ansvar og mynde
- Dagens museumsstyre vert gjort om til eigarstyre
- Statleg og fylkeskommunalt tilskot går til det konsoliderte museet. Kommunale tilskot går også til det konsoliderte museet, og vert øyremerka aktiviteten ved det museet kommunen soknar til.

Det er ikkje teke stilling til kvar den nye organisasjonen skal ha sitt hovudsete. Dette er noko det nye styret, saman med den som vert tilsett som direktør, må avgjere. Inntil dette er avklart, vil fylkeskommunen som ei mellombels ordning fungere som "forretningsadresse" i vedtektene.

2.6 Museumsstyra si handsaming av vedtekter / avtale:

Dei fire museumsstyra som har sagt ja til konsolidering, har også handsama forslag til vedtekter for den nye museumsorganisasjonen, og forslag til avtale mellom dagens museumsstyre og den nye organisasjonen. Alle styra har akseptert dei framlagde forslaga.

Styret for Sogn og Fjordane kunstmuseum peikar i tillegg på at det ville vere ønskjeleg med ein kunstkyndig person i styret for den nye organisasjonen gjennom at kunstnarorganisasjonane får rett til å peike ut ein styremedlem (t.d. ved at dei tilsette vel ein medlem i staden for to som er foreslått i vedtektene), eller ved at ein av dei tre styremedlemmane som rådet skal velje, er medlem i ein av kunstnarorganisasjonane.

2.7 Vidare framdrift:

Målet er å få etablert den nye organisasjonen pr. 01.01.09. Kultur- og kyrkjedepartementet har sett frist til 01.04.09 for å ha konsolideringsavtaler på plass med tanke på å hente ut auken i det statlege tilskotet som er signalisert for 2009.

Fylkeskommunen er oppmoda om å førebu og kalle inn til stiftingsmøte. På same måte er fylkeskommunen oppmoda om å syte for at dei som skal nemne opp medlemmer til rådet, vert invitert til dette, og at rådet vert kalla inn til eit konstituerande møte. Stiftingsmøte og det første rådsmøtet vil finne stad rundt årsskifte 2008/2009.

Stillinga som direktør for det nye museet må lysast ut. I påvente av dette, må styret i første omgang truleg konstituere ein direktør som kan ta tak i det daglege arbeidet som skal skje. M.a. skal det skje ei overføringa av tilsette frå dagens arbeidsgjevar til ny arbeidsgjevar, det formelle arbeidet med å registrere organisasjonen må gjerast, og planer/søknader skal utarbeidast, m.m.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

3.1 Museumsstruktur:

I Sogn og Fjordane har vi hatt to museumskonsolideringar tidlegare. Først Sogn og Fjordane Kunstmuseum, så De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Norsk Reiselivsmuseum. Ut over dette har museumsstrukturen i fylket i stor grad vore tilpassa den strukturen som vart trekt opp i St.meld.nr 22. Etter kvart har ein sett at dei konsolideringane som har skjedd elles i landet har endra det totale landskapet, og våre museum i Sogn og Fjordane vart små og sårbare i høve dei forventningane som vert stilt. Fylkesrådmannen er også av den oppfatning at større grad av fagleg og organisatorisk samarbeid ville tene det samla museumsarbeidet i fylket.

Gjennom den konsolideringa av musea som no skjer, vert det lagt eit nytt museumslandskap i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen ønskjer å gje eit tydeleg signal om at det er denne strukturen som er den framtidige løysinga for Sogn og Fjordane. Det betyr at å vere med i museumssamarbeidet i fylket, skjer gjennom den nye organisasjonen. Fylkeskommunen sin innsats vil ligge i å bidra til å utvikle den nye organisasjonen fagleg, økonomisk og organisatorisk.

Museum som vel å stå utanfor, kan ikkje rekne med å bli prioritert frå fylkeskommunen si side i tida framover. Samstundes er det rett å peike på at det er ein del tiltak/aktivitetar i fylket som i dag ikkje er inne i det museale landskapet, men der det i framtida kan vere

aktuelt å vurdere avtale om drift, t.d. Tusenårsstaden Gulatinget, o.l. Når Bergkunstsenteret i Ausevika vert realisert, er dette alt frå starten av tenkt konsolidert med Kystmuseet. Organisatorisk vil det vere naturleg å tenkje desse som underavdelingar, knytt til drifta av ei av avdelingane. Dette vil likevel vere ei sak som styret for det konsoliderte museet må ta stilling til.

Fylkesrådmannen viser til at dagens museumsstyre vert omdanna til eigarstyre, og all drift vert gitt over til det konsoliderte museet. Dette er ein kjend modell frå andre konsolideringar rundt om i landet. Modellen er krevjande, både for dei som skal overdra og dei som skal overta drifta av museet. Det er såleis ein kritisk suksessfaktor at såvel eigar som driftar forstår, handterer og utviklar si rolle på ein god måte, gjennom gjensidig tillit og respekt.

I eit lengre perspektiv ser fylkesrådmannen for seg at også den formelle eigarskapen til musea (bygningar, gjenstandar) kan bli lagt over til det konsoliderte museet. Avgjerd om dette ligg til dei framtidige eigarstyra og styret i det konsoliderte museet.

3.2 Val av organisasjonsmodell:

Det er lagt opp til at den nye museumsorganisasjonen skal vere stifting. Stifting er mykje nytta som organisasjonsmodell i kulturlivet, også innan museumsdrift. Det er lagt opp til at dagens museum som går inn i det konsoliderte museet står som stiftarar saman med fylkeskommunen.

Ei stifting er kjenneteikna ved at den er sjølvvegande. Styret er øvste organ, og ansvarleg overfor stiftinga. Val av stifting som organisasjonsmodell signaliserer også ei langsiktig og varig satsing. Dei fire musea som vil delta i det konsoliderte museet er alt i dag organiserte som stiftingar, og det er såleis ein kjend modell for dei som skal leve i og med denne organiseringa.

I forslag til vedtekter er det i tråd med Stiftingslova §36 vedtektsfesta at det skal vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet skal vere sett saman av representantar frå dei framtidige eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og kunstnarorganisasjonane (biletkunstnarane/kunsthåndverkarane).

”Musea i Sogn og Fjordane” vil bli namnet på den nye organisasjonen. Dagens museum vil behalde namnet sitt, og gå inn som avdelingar i den nye organisasjonen. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vil ha Norsk Reiselivsmuseum som underavdeling. På same måte vil dei musea/samlingane som har avtale med Sogn og Fjordane Kunstmuseum vere underavdelingar der. Dette gjeld Anders Svor Museum i Hornindal, Gjesmesamlinga i Lærdal, Eikaasgalleriet og Astruptunet i Jølster (dersom Jølster kommune vel å fornye avtalen med kunstmuseet).

3.3 Vedtekter / avtaler:

Vedtektene er utforma i tråd med krava i Stiftingslova. Grunnkapitalen i stiftinga på kr 100 000 er tenkt fordelt med kr 10 000 på kvart av musea, og kr 60 000 på fylkeskommunen.

Gjennom vedtektene er det m.a. foreslått at fylkeskommunen oppnemner styreleiar og eitt styremedlem (med vara). I tillegg skal fylkeskommunen nemne opp eit medlem til rådet. Det er lagt opp til funksjonstid på fire år, likevel slik at ved første gongs oppnemning til styret vert ein oppnemnd for to år, den andre for fire år. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere ønskjeleg om valperioden kan følgje valbolken, og vil be styret for den nye organisasjonen sjå nærare på dette.

Styret for Sogn og Fjordane Kunstmuseum har spelt inn ønskje om at kunstnarorganisasjonane skal ha ein plass i styret. Etter fylkesrådmannen si vurdering no, er dette eit innspel som kan sendast over til den nye organisasjonen for vidare drøfting og oppfølging.

Når det gjeld avtale mellom dagens museumsstyre og det konsoliderte museet, er dette ei sak mellom dagens museumsstyre og styret for det nye museet.

3.4 Tilhøve for tilsette:

Konsolideringa som no vert gjort, må oppfattast som verksemdsoverdraging. Dei tilsette sine rettar og plikter skal då handterast i tråd med bestemmelsane i arbeidsmiljølova. Dei tilsette har vore representert i prosjektgruppa, invitert til informasjons- og drøftingsmøte, og 05.11.08 vart det gjennomført formelt drøftingsmøte med dei tilsette sine organisasjonar. I den nye organisasjonen er det lagt opp til at dei tilsette skal velje to av 7 styremedlemmer.

3.5 Tilhøve mellom stiftinga og det offentlege:

Som det er peikt på over, signaliserer val av stiftingsmodell at det konsoliderte museet er ein uavhengig organisasjon, fristilt frå offentleg forvaltning og direkte politisk styring. Stiftinga skal ivareta viktige samfunnsinteresser, og har som museum ansvar for å samle inn, ta vare på, forske og formidle. Ut over det å vere eit fagleg tyngdepunkt på kjerneoppgåvene innan sitt felt i fylket, er det også forventat at det konsoliderte museet tek ei aktiv og utfordrande rolle som kulturinstitusjon, gir oss nye perspektiv på utviklinga i fylket vårt, og er med på å setje dagsorden for samfunnsdebatten i fylket.

Fylkeskommunen vil, på same måten som staten, gi føringar for dei økonomiske overføringane. Ved val til styre bør det tenkjast breitt i val av kandidatar. Styret skal utgjere ein viktig kompetanse for det nye museet, og bør såleis få ei variert samansetjing. Rådet vil vere ein viktig arena for å gi løpande tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort, og fylkeskommunale signal om kursen framover.

Fylkesrådmannen har, når det gjeld å vurdere fylkeskommunen sitt standpunkt til organisasjonsmodell og fylkeskommunalt engasjement inn i denne, vurdert dette i høve til arbeidet med eigarmelding som har gått parallelt. Når det gjeld organisasjonsmodell har både stifting og AS vore drøfta, og fylkesrådmannen har ut frå ei overordna vurdering konkludert med å lytte til dei synspunkt som musea sjølve har komme med i høve modell, samstundes som val av organisasjonsmodell også skal signalisere avstand og uavhengigheit til den fylkeskommunale forvaltninga.

Kommunane er viktige bidragsytarar til drifta av musea i Sogn og Fjordane. Som formelle eigarar er det på kunstfeltet dei er inne (Jølster, Lærdal). Kommunane har også plass i dagens museumsstyre. Musea er viktige institusjonar som representerer ei lang utvikling frå den genuint folkelege dugnadsbaserte innsatsen opp til vår tid der musea utgjere ein arena for kompetansearbeidsplassar der fleire yrkesgrupper er representert. Konsolideringa er ei ytterlegare profesjonalisering av drifta ved musea, samstundes som omsynet til det lokale og folkelege engasjementet også skal takast vare på.

På dei to informasjons- og drøftingsmøta som har vore (april og september), har alle kommunane vore invitert. Ein del kommunar har delteke på desse møta. På møtet i september vart det bedt om at kommunane også fekk delta i prosjektgruppa sitt arbeid. To

kommunale representantar har difor delteke i arbeidet med organisasjonsform, vedtekter og avtaler.

I forslaget til vedteker er vertskommunane invitert til å vere med i rådet. I tillegg vil regionråda bli invitert til å nemne opp eit medlem kvar til rådet. Dette rådet skal m.a. velje valnemd og tre av dei 7 styremedlemmane.

3.6 Utviklinga av museumsfeltet:

Som stifting opptrer det konsoliderte museet som ein uavhengig organisasjon. Det signaliserer også eit sentralt prinsipp i kulturlivet; det å vere fristilt frå offentleg forvaltning og direkte politisk styring. Det er likevel slik at det frå politisk side på alle nivå kan og bør signaliserast forventningar til resultat, også på museumsområdet. Fylkesrådmannen vil for sin del signalisere at det frå fylkeskommunen si side vil bli lagt vekt på formulere klare forventningar til det konsoliderte museet, og etter kvart også utvikla resultatmål som museet må rapportere på.

Slike forventningar og resultatmål vil auke med auka tilgang til ressursar, og vere eit viktig bidrag til å sikre bruken av dei offentlege midlane som vert lagt inn i denne aktiviteten i fylket.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at det konsoliderte museet snarast startar arbeidet med å meisle ut tydelege og overordna strategiar for si utvikling, og at dette også vert konkretisert til handling. Her er det forventningar til strategiar, innsats og profilering så vel på det lokale nivået, som nasjonalt og internasjonalt. På enkelte område vil det vere naturleg å sjå på utvikling av fagleg og/eller organisatorisk samarbeid mellom det konsoliderte museet og fylkeskommunen, særleg innan digital utvikling og formidling (ABM-samarbeid), handverkarkompetanse/bygningsvern, formidling til skuleverket (DKS), kunstnarane sine arbeidsvilkår i fylket, m.m.

Musea i Sogn og Fjordane skal i tillegg til å vere museum også ivareta interesser for kunstnarane i fylket. Denne oppgåva tok Sogn og Fjordane kunstmuseum på seg då dette vart skipa som stifting i 2003/04. Det betyr at her også må vere stort fokus på museet sitt ansvar for å leggje til rette for oppdrag for kunstnarane i fylket, og formidling av samtidskunsten. Ønskje om eigen plass i styret for kunstnarane må sjåast i lys av dette.

I tillegg vil fylkesrådmannen peike på at det gjennom den omstruktureringa som her skjer, vert lagt grunnlag for at det konsoliderte museet og fylkeskommunen kan ha årlege dialogmøte, og at museet, saman med t.d. fylkeskommunen kan komme i posisjon til årlege budsjettmøte med Kultur- og kyrkjedepartementet.

3.7 Eigarstyra og tilhøve til fylkeskommunen:

Dei eksisterande museumsstyra vil bli omdanna til reine eigarstyre då det i avtalene er sagt at eigartilhøve til musa (bygningar, gjenstandar, m.m.) skal liggje lokalt. Dagens museumsstyre er sett saman av medlemmer oppnemnde av ulike instansar, slik som sogelag, kommunar, tilsette, fylkeskommunen, m.fl.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere rett å signalisere at fylkeskommunen prioriterer å nemne opp styremedlemmer til den nye organisasjonen, og at det i prinsippet ikkje vil vere aktuelt for fylkeskommunen å nemne opp medlemmer til eigarstyra for De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Sunnfjord Museum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Når det gjeld Sogn og Fjordane Kunstmuseum er situasjonen at grunnstamma i den kunstsamlinga museet forvaltar er overført frå det tidlegare fylkeskommunalt eigde

Fylkesgalleriet. Fylkesrådmannen vil komme attende til ei nærare vurdering av fylkeskommunen si framtidige rolle i samband med omdanninga av dette styret.

Sjølv om Nordfjord Folkemuseum ikkje går inn i det konsoliderte museet no, meiner fylkesrådmannen at det ut frå det overordna grepet som no vert gjort i høve framtidig struktur, vert signalisert at fylkeskommunen også her går ut av dette styret. Dette vert følgt opp frå fylkesrådmannen si side ved at det vert sendt oppmoding om omdanning av styret.

3.8 Konsekvensar av å stå utanfor:

Museum som vel å stå utanfor stiller seg i prinsippet også utanfor det som vert trekt opp som den vedtekte utviklingsretninga for musea. Som fylkesrådmannen har peika på over, vil det fylkeskommunale engasjementet framover vere knytt til utviklinga av det konsoliderte museet, driftsmessig og i høve investeringstiltak.

På noverande tidspunkt har Nordfjord Folkemuseum valt å stille seg utanfor konsolideringa. I Jølster er situasjonen for drifta av Astruptunet og Eikaasgalleriet uklar. Kommunen har sagt opp konsolideringsavtalen med Sogn og Fjordane Kunstmuseum med verknad frå 01.01.09, og kommunen har enno ikkje teke stilling til kva som skal skje etter denne dato. Dette skapar uvisse for Jølster kommune som eigar, og for kunstmuseet som noverande driftar. Dersom kommunen vel å ikkje fornye avtalen med kunstmuseet f.o.m. 01.01.09, har også dei stilt seg utanfor museumssamarbeidet i fylket, og vil som eigar måtte ta ansvaret for vidare drift.

Nordfjord Folkemuseum kan på eit seinare tidspunkt be om forhandlingar med styret for det konsoliderte museet med tanke på driftsavtale der museet har status som avdeling. Dersom Jølster kommune ikkje fornyar avtalen med kunstmuseet no, kan også dei på eit seinare tidspunkt be om forhandlingar med styret for det konsoliderte museet. I kva grad andre tiltak i fylket kan bli del av det konsoliderte museet i framtida, er opp til styret for det konsoliderte museet å ta stilling til, og kva vilkår som må vere oppfylt for å kunne komme inn under drifta.

Fylkesrådmannen vil vurdere å føre heile det fylkeskommunale driftstilskotet over til det konsoliderte museet på sikt. Dette vil bli nærare drøfta i samband med budsjett for 2010/økonomiplan 2010-2013.

3.9 Økonomiske konsekvensar:

Staten har signalisert auke i deira tilskot til det konsoliderte museet i Sogn og Fjordane med ei permanent nivåheving på inntil 5 millionar kroner. Ettersom det no ligg an til at det vert fire (og ikkje fem) museum som går inn i det konsoliderte museet, vert summen mindre, truleg rundt 4 millionar kroner.

Fylkeskommunen har så langt lagt inn pris-/lønsjustering på museumstilskotet f.o.m. 2008. I tillegg vil hovudutvalet innan sine rammer vurdere styrking av museumstilskotet f.o.m. 2009.

Som resultat av museumsplanen som kom i 1998, vart alle kommunane med i avtaler om driftstilskot til musea i fylket. I gjeldande avtaler er det sagt at det kan forhandlast om nivå på tilskota i 2009. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at det vert ei runde med kommunane i 2009 der aktivitet/resultat ved musea, og nivå på det kommunale driftstilskotet vert drøfta og forhandla. I desse forhandlingane bør fylkeskommunen også vurdere å øymerke heile sitt driftstilskot til det konsoliderte museet f.o.m. 2010.

4. KONKLUSJON / TILRÅDING

Fylkesrådmannen viser til gjennomført konsolideringsprosess, musea sine handsamingar av forslag til vedtekter og avtale, og dei drøftingar som er gjort over i høve fylkeskommunen sitt vidare engasjement i høve museumsutviklinga i Sogn og Fjordane, og rår til vedtak i samsvar med tilrådingane i forslag til vedtak.